

**ÅRSMELDING 2009  
FOR  
LÆRDAL FJELLSTYRE**

**Lærdal fjellstyre har i året 2009 hatt 3 styremøter og handsama 13 saker (22/2008). Elles har medlemene vore delaktig i styremøta for villreinutvalet Nordfjella og i årsmøtet for grunneigarlaget for villreinfelta i Lærdal.**

**Lærdal fjellstyre sin rekneskap for 2009 viser eit driftsoverskot på Kr.112.864,- etter avskrivningar. Lærdal fjellstyre føreset framleis drift.**

**GENERELT OM JAKTA I NORDFJELLA - FELLINGSRESULTAT**

**Av ein total kvote på 700 dyr i Nordfjella vart felt 265 dyr (368/2008) som gjev ein fellingsprosent på 37,9% (56,6/2008),noko som er lægre enn vanleg.**

**Best jakt var det i Lærdal, der det vart skote 80 dyr, eller 57,1 prosent av den tildelte kvoten.**

**På statsallmenningen i Lærdal vart det felt 18 dyr av 38, som gjev ein fellingsprosent på 47,36.(39,47% 2008)**

**Hemsedal: 16 dyr – 55,2%**

**Ål: 55 dyr – 45,1%**

**Hol: 31 dyr – 16,4%**

**Ulvik: 8 dyr – 24,2%**

**Aurland 75 dyr – 40,80%**

**Sidan fellingskvoten i Nordfjella tek utgangspunkt i at om lag 50 prosent vert felt, tyder dette at ein no truleg vil få ein vekst i bestanden. Ved siste minimumstelling, i februar i år, vart det talt 2048 dyr.**

**Mykje dårleg ver, regn og skodde var noko av grunnen til det dårlege fellingsresultatet. Eit anna moment som verka inn,**

***var at ein større flokk, truleg 500-600 dyr, reiste sørover i slutten av august, ut or Nordfjella villreinområde og inn i områda sør for Bergensbana. Dette området høyrer til Hardangervidda villreinområde. Her vart flokken gåande i område med jaktfreding i Ulvik herad, der dyra går framleis.***

### **SAMJAKTAVTALAR**

***Dei omfattande samjaktavtalane som villreinområdet har fått til dei siste par åra har til no ikkje gjeve så store utslag. Berre 18 prosent av dyra er felt i ein annan kommune enn der løyvet er skrive ut.***

### **JAKTUTØVINGA**

***Jaktoppsynet som villreinutvalet hadde engasjert under jakta, til saman sju personar, melder generelt om ei svært god jaktutøving, og lite skadeskyting. Eit skadd dyr vart avliva av oppsynet. Ein jaktepisode vart politimeld, grunna inhuman jakt (skyting på dyr i stor fart). Dei som deltok i oppsynet gjekk i alt 920 timar oppsyn og hadde 317 kontrollar eller kontakter med jegerar.***

### **HYTTER**

***Følgjande arbeid er utført på Lærdal fjellstyre sine hytter 2009:***

#### ***Hilmsbu***

***Vanleg vedlikehald. Båtnaust til Hilmsvatnet er under bygging og planlagt å få på plass 2010.***

#### ***Hallingskeidhytta.***

***Vanleg vedlikehald. Ein har i år teke kostnaden med nedvasking av heile hytta innvendig. Hytta var bygd i 1991 og har ikkje hatt skikkeleg vask.***

### **Flågrunnshytta**

**Vanleg vedlikehald. Hytta har sege ein del på grunn av at lecablokkene går i oppløysing. Her er ein del arbeid å gjera.**

### **Båtnaust Kvevotni**

**Skifta hengsle på dørane.**

**Dei andre hyttene vanleg vedlikhald.**

### **Brua på Halligskeidsanden.**

**Brua har år etter år vore oppsett og nedteken etter planen. Geir Berge Øverland har stått for den biten. Han melder om at det er behov for mindre reparasjonar før oppsetting neste år.**

## **SMÅVILTJAKT**

**Lærdal fjellstyre ved leiaren har stått for salg av småviltkort, noko som medfører mykje arbeid, men dette har etter kvart gått seg til.**

**Det er skote 90 fjellryper (141/08) og 0 hare (1/08), og ein har selt kort for kr.38950,- (kr36350,-/08). Ein har i år selt 74 kort (62/08) og 98% av korta er selt til utanbygds.Pr. selde kort gjev dette 1,21 ryper. Seks av dei selde korta gjeld kun Borgund statsallmenning. Ein har i år ikkje fått tilbakemelding om at det har vore uheldige episodar mellom reins-jegerar og rypejegerar grunna jaktutøving på same tid 10.september – 20.september. Jakt med hund startar fyrst etter at reinsjakta er slutt, men har i år ikkje selt slike kort.**

### **Hjortejakta**

**Hjortejakta på statsallmenningane administrerast av Lærdal jeger- og fiskarlag med unnatak av Klovsteinteigen som ligg midt mellom Erdal og Vindedalen. Denne allmenningen skal lysast ut att i 2010.**

## Fiske i Lærdal statsallmenning 2009.

Fiskesesongen har i år vore prega av mykje dårleg ver. Kuling og regn har gjort at serleg fiske med stong og oter har vore mindre bra. Det har vore mindre fiska i vatn som ligg eit stykke frå veggen. Nokre har klaga over at det er for mykje fisk i ein del vatn. Det er sikkert rett, men ver då snill og ikkje kast ut att fisken du får. All nedbøren har nok ført med seg ureining, og det er vel grunnen til at det har vore stor algevekst i ein del mindre vatn.

Her er nokre tal frå i år (tal frå 2008):

Det er selt 50 (41) garnkort og 244 (303) kort for stong/oter tilsaman er det selt kort for kr. 62 730,-

Kvevatn er også i år beste fiskevatnet med 2342 (2303), faktisk ein liten auke. Her er det og stor fisk, men vil du ha tak i den, må du bruke minst 39 mm, helst 45 mm garn. Hallingskeidsanden er beste "krokvatnet" med 249 (225) fisk. Store Ljosegrunnsvatn har høgste gjennomsnittsvakta med 0,668 g. Vadtjørn er høgare, men der er det berre teke 7 fiskar. Det er meldt inn rapport om fiskefangst i 37 vatn.

Tabellen nedanfor er laga utfrå dei innsende rapportane, men har dei vanlege feila: Barn under 16 år treng ikkje fiskekort, ikkje namn, eller feil namn på vatn, ikkje rett vekt osv. Likevel er desse rapportane viktige i forvaltninga.

Namn på vatn	Garn	Stong/oter	Fisk totalt	Vekt i kg	Gj.snitt
Barbrotjørn		3		0,500	0,167
Blandevatn		4		0,700	0,175
Buasogtjørn		30		6,600	0,220
Bubotnvatn		17		6,650	0,341
Bubotntjørn		1		0,400	0,400
Bukkesteinvatn		6		3,000	0,500
Einarsvatn		101		36,068	0,357
Einarsbotn Store		50		12,600	0,252
Einarsbotn Vesle		6		1,500	0,250
Einarstjørn		10		2,000	0,200
Eivindtjørn		2		0,450	0,225
Elvi		80		48,900	0,510
Fagervatn Nedre		83		27,350	0,330
Fagervatn Øvre		48		19,781	0,412
Finnsholsvatn Øvre	30	49	79	40,300	0,510
Fleskevatn Øvre		33		8,934	0,271
Fløgesprangtjørn		2		0,450	0,225
Fossane		19		5,700	0,300
Gavlevatn	32	4	36	21,450	0,569
Gravdalsnosttjørn		8		1,200	0,150
Grånosttjørn		32		10,272	0,321
Hallingskeidsandvatn		249		96,210	0,380
Hilmsvatn	26	107	133	47,952	0,361
Hånosttjørn		38		15,728	0,414
Kvellevatn		6		1,000	0,167
Kvevatn	2260	82	2342	1278,187	0,546
Langejørn		15		3,700	0,247
Liahovdvatn		65		33,400	0,514
Ljosegrunnsvatn St	217	20	234	163,150	0,688
Ljosegrunnsvatn Vesle	37			18,800	0,508
Perbakttjørn		79		24,117	0,302
Raudvatn Vesle		5		2,000	0,400
Steinevatn		7		2,000	0,286

Vadtjørn		7		5,000	0,714
<b>Sum</b>	<b>2602</b>	<b>1155</b>	<b>3757</b>	<b>1945,949</b>	<b>0,518</b>
(Tala frå 2008)	(2580)	(1540)	(4120)	(2004,541)	(0,487)

## SOMMAREN 2009 I LÆRDALSFJELLA.

Så er endå ein sommar over. Det starta så fint med tidleg og varm vår, tidleg våronn og fruktblomstring. men tilbakeslaget kom nok. Frå sydentemperatur på 30 grader til vel 10 har det skifta på i heile sommar. Frå turke til silande regn.

Slik har det vore i fjellet og, strålande sol ein dag, regn og vind neste, mest av det siste forresten. Det var ikkje dei store snømengdene i vinter, men vinden la snøen i store fenner i nordaust-skråningane. Fyrst på sommaren såg det difor ut til å vera mykje snø. Vegen vart likevel brøyta rekordtidleg. Gjennom enkelte fenner kunne det vera 6-8 m høge kantar, medan det lange stykke ikkje fanst ein snøfleck.

Hallingskeidsandvatnet var tidleg oppe. Kvevatnet hadde mykje drivis, så garnfiske var ikkje tilrådeleg. I vest var det meir snø, og vatna var heilt islagde. Ja, eg var redd for at me kunne få vanskar med fiskeutsetjinga fyrst i august.

Eg kan ikkje hugse at Kvevatnet har vore så nedtappa når fisket har starta, som det var i år.

Det var store vanskar med å få sett båtane på vatnet frå demningen. Heldigvis var vegen over haugen køyrande, så dei fleste køyrde til fjellstyrenaustet og sette ut båtane der.

Folk frå kraftverket, som eg snakka med, var redde for at i år ville ikkje vatnet verta fullt. Ja, eg var av same meining sjølv og. Men jammen sa eg smør. Det har bøtta ned. Eg veit ikkje om det nokon gong har runne over så mykje vatn som denne sommaren.

Borgund Kraftverk si nye hytte ved Kvevatnet er no ferdig og teken i bruk. Det vart ei flott hytte. Fjellstyret har dermed fått overteke "gamlehytta". Der er det fire senger, vedaomn, gasskomfyr og mykje anna utstyr.

Fiskeutsetjinga var laurdag 8. august. I statsallmenningen skulle det setjast ut 13200 yngel i alt.

Veret hadde vore skiftande heile sommaren. Meterologane endra meldinga frå dag til dag, så me torde ikkje basera oss på fly. Kommunen stilte med bil og sjåfør. Asle henta fisken på klekkeriet i Aurland og var på Ljøsne før kl.0830 om morgonen. Der vart fisken fordelt på berarane, og så bar det til fjells. Veret var fint, men litt i varmaste laget. Yngelen toler ikkje for høg temperatur før han vert liggande med buken i veret. I ryggsekken kan det lett verta varmt. Då er det lurt å kjøla posen av i ei elv eller eit vatn, og det er svært viktig å kjøla posen godt ned før utsetjinga tek til. Men i fylgje tilbakemeldingane eg har fått, gjekk det godt. **Tusen takk til alle som stilte opp.**

Det vart ikkje den store "fjellsommaren". Nokre fine dagar har det no vore, men regn og vind har det vore mest av. Fiskerapporten viser mindre fangst enn tidlegare år.

Fyrst på sommaren var det mykje måkar i fjellet. Ved Kvevatn kunne det vera flokkar på 30 - 40 fuglar som sat og venta på at du skulle sløye fisken, men dei vart borte. Var veret for dårleg for dei og? Tru det eller ei, men på ein av dei fine dagane med svartstilt vatn, kom det ei terne flygande.

Ho flaug lavt over vatnet og plukka opp insekt.

Ja, sjøfuglen aukar, men rypene er det langt i mellom. I år er det forresten dårleg over mest heile landet. På statsallmenningen har eg sett berre to rypere i år. Bør ein frede området ei tid?

Eg kjenner ikkje resultatet frå reinsjakt når dette er skrive, men den bør vera bra. Rein har det vore over heile området. Dyra var fyrst i aust, i Borgundsfjella, men kom etter kvart vestover like ut mot Tissedalen.

All nedbøren i sommar, stort sett frå sørvest, må ha ført med seg mykje ureining. Eg går ut frå at det er grunnen til at no på seinsommaren er mange vatn, helst småvatn, fulle av sli og grønske.

Etter berre nokre få sveiv på snella, må sluken renskast.

Ein del fiskarar melder om vatn med liten fisk. Dei har difor sleppt ut att fisken. I desse vatna er det truleg for mykje fisk, så for all del, sett ikkje ut att fiskane. Vil du ikkje ha fisken, så grav han ned eller liknande, elles vert det ikkje betre.

**Neste år vert fiskeutsetjinga 7. august.** Vil du vera med, så sei i frå til Jakob Vik.